

Modul 1

Introduksjon til bunadtilverkarfaget

Fagtema snorer og band

Innhald:

- Fagtema snorer og band
- Innføring i dokumentasjon av eige arbeid, og presentasjon av arbeidet.

Omfang:

- Kjennskap til ulike snorer og band og framstilling av desse.
- Innføring i korleis eige arbeid kan dokumenterast.
- Innføring i interesseorganisasjonar, bransjeforbund, og orientering om praktisk gjennomføring av ei sveineprøve.

Læringsmål:

- Kunne forskjellige teknikkar for framstilling av snorer og band.
- Presentasjon av bunadtilverkarfaget relatert til sveinbrevet
- Innføring i korleis eige arbeid kan dokumenterast og korleis ein kan finne informasjon og rettleiing.
- Kjennskap til kva fagområde og bunader som inngår i faget.

Materiell:

Lærarane på kurset tek med seg det som trengs av garn, og det vil bli høve til å kjøpe dette av dei. Men har de noko liggande som de ynskjer å ta med, så gjer gjerne det. Til grindvev brukar ein garnet perle 70 som er ull brodergarn frå Sandnes, og DMC bomull perle nr.8 og 12.

Når det gjeld anna materiell som grindvev, så kan det lånast om de ikkje har sjølve. Det vil bli høve til å kjøpe grindvevar (21cm) etter at kurset er avslutta.

Deltakarane sitt utstyr:

- Ringperm
- Penn
- Kladdepapir
- Rutepapir
- Fargeblyantar/tusj
- Linjal
- Limstift
- Saks
- Stoppenål

Anbefalt litteratur til denne modulen:

- Norges Husflidslag. **Idéhefte for snorer og bånd.** 1998. ISBN 82-91195-14-5
- Norges Husflidslag. **Idéhefte for grindvev.** 1997. ISBN 82-91195-12-9

Totalt: 40 timar